

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

Kommunedirektøren si oppsummering

Gode lesarar!

Gjennom denne nettbaserte årsmeldinga ynskjer kommunen å gje deg som lesar eit innblikk i det viktige arbeidet og den gode innsatsen våre tilsette i dei ulike tenesteområda har stått for, og kva kommunen har klart å få til med dei ressursane me rår over, både dei tilsette og økonomisk.

Årsmeldinga skal ivareta dei krava som kommunelova set i høve rapportering til kommunestyret. Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet. Årsmeldinga gjev ikkje ei uttømande oversikt over alle aktivitetar og resultat i løpet av året, men den gir eit godt oversyn kring kommunen sine aktivitetar.

Før eg går vidare i oppsummeringa vil eg aller først takka alle tilsette i kommunen, tillitsvalde, hovudtillitsvalte, verneombod og hovudverneombod for det gode arbeidet som vert utført kvar einaste dag, kveld, natt og helg. Den samhandlinga eg ser og opplever gjennom trepartssamarbeidet er viktig for utvikling av kommunen som organisasjon.

Takk også til ordførar, varaordførar og folkevalde for engasjement, samarbeid og alle avgjersler som blir tatt gjennom året.

Visjon og verdier

Visjonen «Saman om utvikling og gode tenester» og dei fire verdiane våre «Respekt, Omsorg, Tydeleg og Ærleg» legg grunnlaget for korleis me kan byggja felles identitet og skapa eit godt samfunn.

Berekraftig samfunns- og tenesteutvikling

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i 2022. Samfunnsplanen legg saman med handlings- og økonomiplanen grunnlaget for ei samfunns- og tenesteutviklinga gjennom året. I tillegg til handlings- og økonomiplanen byggjer dei ulike tema- og fagplanane på måla i kommuneplanen. Planane definerer og konkretiserer politiske innsatsområde og strategiar for samfunns- og tenesteutviklinga innafør dei ulike områda. Desse planane vert evaluert og oppdatert jamleg, der ein kontinuerleg jobbar for å få berekraftig drift og god balanse mellom innsatsfaktorar og resultat.

Målsetningane i planane er konkretisert i handlings- og økonomiplan gjennom indikatorar for å synleggjere måloppnåinga. I denne årsmeldinga er det rapportert på desse indikatorane for å synleggjere om vi er på rett veg.

Organisasjonen

Organisasjonen har framleis jobba med internkontroll, utarbeiding og oppdatering av rutinar og reglement. Det har også blitt jobba med ny organisasjonsplan. Vidare har kommunen hatt stort fokus på datatryggleik, og det er sjekka ut korleis ein på ulike måtar kan ta i bruk kunstig intelligens (KI) på ein trygg og effektiv måte.

Kommunebarometeret viser at Kvinnherad kommune stort sett går fram på dei fleste område. Kommunen ligg no på 120 plass. Pleie og omsorg har beste resultat med nummer 21 i landet.

Økonomi og finans

Resultatet for 2025 vart budsjettert til eit underskot på 42,2 millionar kroner. Rekneskapen for 2025 syner ved årsslutt eit netto driftsresultat eksklusiv premieavvik på 0,2 %, som er under fastsett måltal på

2,75 %. Resultatet vart betre enn budsjettert takka vere god avkastning frå Kraftfondet og gode resultat på pensjonsforvaltninga.

Auke i tenestebehovet og stort meirforbruk på drifta trakk resultatet i negativ retning. Det er viktig å snu denne trenden for at kommunen ikkje skal vere avhengig av gode år på dei ekstraordinære inntektene for å gå i balanse. I åra som kjem er det budsjettert med store investeringar og påfølgjande auke i lånegjeld som vil redusere dei tilgjengelege rammene ytterlegare. Dette vil forsterke behovet for å tilpasse driftsnivået til dei fastsette finansielle måltala for å skape ei økonomisk berekraftig framtid i Kvinnherad kommune.

Litt om stort og smått i 2025

- Helsehuset vart vedtatt
- Skarveland skule og Valen skule vart slått saman
- Satsing på arbeidsklede for tilsette i kommunen
- Den politiske arbeidsgruppa for framtidens heildøgnsomsorg vart etablert
- Stormen Amy testa kommunen sitt beredskapsarbeid og gav nyttige erfaringar
- Ei rekke kraftsatsingar i kommunen
- TV- aksjonen 2025 var til Atlas-alliansen. Kvinnheringane bidrog mellom anna både gjennom kommunestyrevedtak, skuleinnsamlingar, næringsliv, private gåver og bøsseinnsamling til at kring kr 730 tusen vart samla inn i kommunen.
- Det har vore fleire kvinnheringar som har vist igjen med sterke prestasjonar på mange arenaer
- Heildagsskolen på Hatlestrand vart vidareført
- Husnes skule stod ferdig i løpet av året, slik at elevane kunne ta til på ny skule etter årsskiftet
- Det vart vedtatt totalberedskapsplan
- Stimuleringsmidlar for bustadutvikling vart tildelt for første gang
- Grøn Næringspark har verkeleg markert seg som eit attraktivt næringsområde, og byggestart av biogassanlegget samt gjennomfartsveg tok til
- Hovudplan for kommunale vegar vedtatt
- Bustadsosial handlingsplan vedtatt

Utfordringar framover:

Årsmeldinga handlar om året som gjekk, men det er også viktig å sjå på kva moglegheiter og utfordringar som ligg framfor oss.

Stødig økonomistyring saman med god og effektiv tenesteyting og utvikling må prioriterast vidare i økonomiplan-perioden. Kommunestyret har i handlings- og økonomiplanen vedtatt innsparingar fram mot 2029, slik at drifta av kommunen skal ha eit berekraftig nivå. Det har såleis vore fokus på å velja nøkterne og funksjonelle løysingar, gjerne uttrykt ved at ein i større grad skal velja hyllevare meir enn skreddarsaum.

Kommunen legg bak seg eit år med folketalsauke. Denne gledelege utviklinga vil vonleg halda fram, og vil vera ein nøkkelfaktor kring rekruttering i arbeidslivet. Til liks med fleire andre kommunar er rekruttering av naudsynt kompetanse utfordrande på fleire fagområde. Stikkord for vidare arbeid er mellom anna samarbeid med utdanningsinstitusjonar, nok bustader til tilreisande arbeidskraft, å kunna tilby robuste fagmiljø er viktig. Marknadsføring og synlegheit av det gode kvardagslivet som kommunen kan tilby skal styrkast ytterlegare. Vidare vil tydeleg arbeidsgjevarprofil, kompetanseutvikling av eigne tilsette, satsing på mangfald og inkludering vera viktige moment for å sikra riktig og tilstrekkeleg rekruttering. Læringsgarantien må også nemnast som ein viktig rekrutteringsarena. Kommunen treng fleire fagarbeidarar.

Demografiske endringar vil gi utslag i tenestebehovet, og organisasjonen er i gang med omstillingar og tilpassingar for at innbyggjarane også i framtida skal få gode tenester. Kommunen sine tilsette skal ha trygge og gode arbeidstilhøve, og det er eit mål om at flest mogeleg går i heile stillingar. Å inkludera frivillige til å bidra inn i tenestene kan vera utruleg verdifullt for lokalsamfunnet, og det vil vera viktig for kommunen å ha gode system på plass for å rekruttera, trenar og støtta dei frivillige for å sikra at deira innsats er effektiv og vert opplevd meningsfullt for alle.

Årsberetning

Driftsrekneskapen i 2025

Kvinnherad kommune leverer eit resultat på -28,4 millionar kroner i 2025. Høgare avkastning frå Kraftfondet enn budsjettert og lågare pensjonskostnader enn venta trekk resultatet i positiv retning. Meirforbruk på drifta grunna bemanningsutfordringar og bruk av vikarbyrå er hovudårsaka til det svake resultatet.

Netto driftsresultat eksklusiv premieavvik utgjorde 0,2 % av brutto driftsinntekter, som er under målet på 2,75 %.

Kostnadsveksten i drifta var på 1,0 % utover løns- og prisvekst. Årsaka til veksten er grunngjeve under.

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Regnskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sentrale inntekter				
Innteks- og formuesskatt	-472 255	-544 460	-544 144	-544 144
Rammetilskot	-494 324	-529 141	-509 030	-524 162
Eigedomsskatt	-63 773	-64 804	-64 000	-64 000
Netto konsesjonskraft	-128 323	-88 540	-86 600	-86 600
Konsesjonsavgift	-11 946	-11 991	-10 400	-10 400
Havbruksfond	-61 030	-18 062	-9 600	-9 600
Integreringstilskot	-16 727	-11 050	-18 000	-18 000
Tilskot ressurskrevjande brukarar	-53 528	-40 769	-65 500	-65 500
Andre generelle driftsinntekter	-94 325	-75 778	-62 626	-62 626
Sentrale inntekter	-1 396 231	-1 384 595	-1 369 900	-1 385 032
Netto finansutgifter og inntekter				
Motpost avskrivningar	-93 396	-100 855	-111 000	-111 000
Renteinntekter	-12 207	-15 423	-11 197	-11 197
Utbyte BKK og Kvinnherad Energi	-19 868	-14 994	0	-1 300
Avkastning Kraftfondet	-103 356	-61 786	-30 000	-30 000
Renteutgifter	81 680	77 684	82 314	82 314
Avdrag på lån	72 708	73 023	73 086	73 086
Netto finansutgifter og inntekter	-74 438	-42 350	3 203	1 903
Sentrale utgifter				
Driftstilskot barnehage	68 880	72 410	67 759	72 970
Løns- og prisvekst	0	0	20 647	0
Avskrivning	93 396	100 855	111 000	111 000
Netto finansutgifter	162 275	173 265	199 406	183 970
Sum sentrale inntekter og finansposter	-1 308 394	-1 253 681	-1 167 291	-1 199 159
Tenesteområda - drift	1 226 972	1 282 039	1 205 404	1 241 328

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

	Regnskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Netto driftsresultat	-81 423	28 358	38 113	42 169
Sum driftsinntekter	-1 687 812	-1 771 878	-1 703 587	-1 721 234
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	4,8 %	-1,6 %	-2,2 %	-2,4 %

Beløp i 1000

	Regnskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetning til disposisjonsfond	187 208	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-112 993	-45 674	-54 258	-58 027
Overføring til eige kapitalfond - Kraftfondet	3 107	177	0	0
Overføring til investering	6 510	17 740	16 884	16 884
Netto avsetninger - sentrale poster	83 833	-27 756	-37 374	-41 143
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-2 410	-602	-739	-1 026
Netto avsetninger i tenesteområda	-2 410	-602	-739	-1 026
Sum sentrale inntekter og finansposter	81 423	-28 358	-38 114	-42 169

Disponering av resultat

Kommunestyret skal disponere kommunen sitt resultat i 2025. Netto driftsresultat var på -28,4 millionar kroner. Avsetningar og bruk av bundne driftsfond må takast omsyn til før disponering av mindreforbruket. Mindreforbruket som kommunestyret skal disponere kjem fram av tabellen under.

Kommunedirektør skal leggje fram rekneskapen der eventuelt mindreforbruk er avsett til disposisjonsfond, i tråd med kommunelova. Det visast til vedlegg til årsrekneskapen "Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner §5-9".

Disponering av overskot	2025
Netto driftsresultat	-28 358 007
Avsetning til bundne driftsfond	- 8 881 919
Bruk av bundne driftsfond	9 306 239
Overføring til investering	- 17 740 258
Bruk av disposisjonsfond	45 673 945

Det er sett av 17,7 millionar kroner til investeringsfond. Dette inkluderer budsjettert auke av eige kapitalfond til Kraftfondet. Etter avsetjing og bruk av fond står det igjen eit meirforbruk på 45,7 millionar kroner som må dekkast opp. I samsvar med kommunelova er meirforbruket dekkast med bruk av disposisjonsfond som vist i tabellen over. Kommunedirektør vil i innstilling til vedtak føreslå ytterlegare disponeringar.

Kapitalfond

I finansreglementet til Kvinnherad står det at den indeksregulerte grunnkapitalen til Kraftfondet er urørleg for kommunestyret. Grunnkapitalen i dette tilfellet er den delen av salssummen frå salet av SKL-aksjar som vart nytta til å stifte Kraftfondet. Det er sett av 16,884 millionar kroner til dette i budsjettet. For å følgje finansreglementet bør kommunestyret sette av ytterlegare 1,1 millionar kroner til indeksregulering av grunnkapitalen.

Kraftfondet	
Indeksregulert grunnkapital	578 853 754
Balanseført grunnkapital	560 860 832
Differanse	17 992 922

Bundne driftsfond

Kommunedirektør foreslår også andre fondsføringar som ikkje var inkludert i årsoppgjeret som vart sendt til revisor:

Gåve til Omvikdalen barnehage på 50.000 som vart ikkje sett av på fond

Midlar til toppa bemanning i barnehage som vart ikkje brukt i 2025 på 476.790 kr.

Forslag - avsetting til fond

Gåve til Omvikdalen barnehage	50 000
Midlar til toppa bemanning - barnehage	476 790
SUM	526 790

Disposisjonsfond

Ytterlegare avsetting til kapitalfond og driftsfond medfører at bruk av disposisjonsfond aukar med 1.635.712 kroner frå 45.673.945 kroner til 47.309.657 kroner.

Frie inntekter

Skatt og inntektsutjamning

Skattetal for 2025 viser at kommunane i Noreg fekk inn 236,5 mrd. kroner i skatt på inntekt og formue. Dette er 10,8 %, høgare enn for inntektsåret 2024.

Høg sysselsetting og lønsvekst gav ein auke i innbetalt forskotstrekk i 2025 og dermed ein god auke i inntektskatt til kommunane i 2025.

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

Inkludert inntektsutjamning har Kvinnherad kommune i 2025 ein skatteinngang på 98,3% av landsgjennomsnittet (96,5 % i 2024) . Utan inntektsutjamning var den same prosenten 98,0 % (94,0 % 2024).

Kvinnherad kommune hadde ein auke i skatteinngangen på 15,3 % frå 2024 til 2025 (budsjett 15,2 %) , medan kommunane samla hadde ein auke på 10,8 % . I november månad hadde Kvinnherad kommune ein auke på 22,6 mill (32%) samanlikna med november 2024. Dette skuldast i stor grad korreksjon- og marginoppgjjer samt vekst i forskotstrekk.

Skatteinntekt - Kvinnherad kommune (heile tusen)	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Rekneskap 2024
Skatt	544 459	544 144	472 255
Inntektsutjamning	4 163	0	11 721
Skatt per innbyggjar i snitt av landet (uten inntektsutjevning)	98 %		94 %
Vekst frå året før (uten inntektsutjevning)	15,3 %		-1,4 %

Sidan skatteinntektene i Kvinnherad var lågare enn gjennomsnittet i landet, vart inntektsutjamninga positiv. Samla sett vart skatteinntektene, inkludert inntektsutjamning, 4,5 millionar kroner høgare enn budsjettet i 2025.

Rammetilskot

Rammetilskotet skal jamne ut forskjellar mellom kommunar slik at alle skal kunne tilby likeverdige tenester.

Faktorar som er med å bestemme rammetilskotet:

- Innbyggjartal
- Aldersamansetning i kommunen
- Kostnadsnivå (utgiftsutjamning)
- Skatteinntekter (inntektsutjamning)

Rammetilskotet frå staten (innbyggjartilskot og distriktstilskot) blei 28,7 millionar kroner høgare enn opprinneleg budsjettert (grønt hefte hausten 2024)

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

	Rekneskap	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett
Rammetilskot 2025	524 963	524 162	509 030

Tabellen under syner dei forskjellige elementa av rammetilskotet i 2025.

Rammetilskot - Kvinnherad kommune (heile tusen)	
Innbyggjartilskot (grønt hefte)	477 334
Distriktstilskot (grønt hefte)	18 906
Tilleggsnummer til statsbudsjett	10 594
Budsjettsaldering (økt bemanning SFO og barnehage samt komp red skatteanslag)	2 997
Revidert nasjonalbudsjett (pensjon, inntektsbortfall barnehage, vekst frie inntekter)	15 132
SUM	524 963

Tillegg til statsbudsjettet vart gitt grunna lågare skatteinntekter enn forventa samt høgare utgifter i kommunane (økt realvekst)

Stortingets saldering er justering av budsjettet slik at det balanserer. Her fastset Stortinget endeleg bruk av pengar (inkl. oljepengar).

RNB justerer budsjettet etter korleis økonomien faktisk utviklar seg gjennom året (BNP, inflasjon, arbeidsledighet)

Samla sett var dei frie inntektene 5,3 millionar kroner høgare enn budsjettet. Dette skuldast i stor grad inntektsutjamning.

Eigedomsskatt

Kvinnherad kommune vedtok i 2023 å ta vekk eigedomsskatt for hus, hytter og næring. Eigedomsskatt for kraftanlegg, kraftnett og oppdrettsanlegg i sjø vil halda fram.

Inntekter frå eigedomsskatten fordeler seg følgjande.

Eigedomsskatt	2024	2025
Kraftanlegg og kraftnett	62 701 695	63 732 339
Havbruk	1 071 532	1 071 849
SUM	63 773 227	64 804 188

Kraftprisane er med å danne grunnlag for eigedomsskatt for kraftverk. Sjølv om kraftprisane har auka dei siste åra har ikkje eigedomsskatten frå kraftanlegga auka i same grad. Dette grunna takseringsreglane for kraftanlegg i Eigedomsskattelova § 8B-1, der ein har nådd maksimal takstverdi for anlegga etter dagens regelverk.

Eigedomsskatt	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Opphavleg budsjett 2025
	64 804 188	64 000 000	64 000 000

Konsesjonskraft

SKL og Statkraft pliktar å levera ein del av krafta (konsesjonsstraum) som vert produsert i Kvinnherad til kommunen. Kvinnherad kommune får tildelt 160,5 GWh i konsesjonsstraum pr år. Tak uttaksmengd er avgrensa til alminneleg forbruk i kommunen. Prisen for konsesjonskraft (ED-pris) var i 2025 12,89 øre/kWh. Legger vi til kostnader med å levere kraft inn på strømnettet vert prisen 14,95 øre/kWh.

Ishavskraft forvalta konsesjonskrafta til Kvinnherad kommune i 2025 (ny forvaltar frå 2026, Entelios as) . Selskapet nytta to modellar ved forvaltning av konsesjonskraft i 2025. Opptrappingsmodellen og budsjettprismodell. I opptrappingsmodellen vert krafta sikra fleire år fram i tid med bestemte sikringsintervall. I leveringsåret skal 90-100 % av krafta vere prissikra. Budsjettmodellen tar utgangspunkt i ein referansepris som forvaltar skal styre etter (stop - loss). Handlingsrommet er at det budsjetterast med ein minimumspris som er 90% av referansepris. I 2025 vart halvparten av mengda i budsjettprismodellen (43,2 GWh) solgt til spottpris (NO2). Dette skuldast sikringsavtalar der kraftselskapa må stille sikkerheit i markedet. Høge terminprisar, store sikkerheitkrav har gitt likviditetsproblem og dermed vanskelegare å inngå nye sikringsavtalar.

16 GWh av konsesjonskrafta vert levert internt til kommunen. Prisen var i 2025 sett til 31,71 øre/kWh. Dette gav ein mindrekostnad for dei kommunale bygningane på kr 7,8 mill. mot spotpris og tilsvarende mindreinntekt for sal av konsesjonskraft.

Tabellen under viser inntekter og utgifter ved konsesjonskrafta til Kvinnherad kommune i 2025 og 2024.

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

Sal av konsesjonskraft	2025	2024
Sal av konsesjonskraft	118 727 207	97 451 192
Finansielt resultat	-324 263	58 251 565
SUM inntekter	118 727 207	155 702 757
Differanseoppgjjer mot intern fastpris	7 804 847	6 340 774
Honorar	1 115 330	311 851
Kjøp av konsesjonskraft og innmating	21 738 850	20 727 002
SUM kostnader	30 659 027	27 379 627
Netto inntekt konsesjonskraft	88 068 180	128 323 129

Inntekter av netto konsesjonskraft kr 88,1 mill var i 2005 kr 1,5 mill høgare enn budsjettert.

Andre inntekter

Havbruksfondet

1,4 milliardar kroner vart utbetalt kommunar og fylkeskommunar gjennom Havbruksfondet i 2025. Dette var ein god del lågare enn 2024. Havbruksfondet får inntekter frå sal av ny tillatelseskapasitet til oppdrett, samt frå produksjonsavgifta på oppdrett av laks. Det har ikkje vore auksjon av nye oppdrettstillatelser i 2025. Utbetalinga er derfor lågare enn året før. Auksjon vert haldne anna kvart år, og det er derfor naturleg å sjå utbetalingane gjennom Havbruksfondet i samanheng over to år. Fondet fordel 80 prosent til kommunar og 20 prosent til fylkeskommunar.


Ein del av kommunane sin andel går særleg til kommunar som har lagt til rette for oppdrett gjennom å klarere areal i 2023 til 2025. Desse kommunane vart tilgodesett ved utbetaling i 2025.

Kvinnherad kommune sin del av lokalitets-MTB var i 2025 1,61% (akvakulturregisteret 1.september 2025).

Kvinnherad kommune si tildeling frå Havbruksfondet:

Havbruksfondet	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2024
	18 061 842	9 600 000	61 029 715

Utbetaling frå Havbruksfondet til kommunane i periode 2018 til 2025:



Konsesjonsavgift

Konsesjonsavgift pliktar eigarane av vasskraftverk å betale til kommunar som kompensasjon for dei skader og ulemper som følgjer av utbygging av kraftverka. NVE berekne mengde konsesjonsavgifter og fordelinga mellom dei berørte kommunane. Kraftgrunnlaget for det enkelte kraftverk vert berekna ut i få regulert vassføring og kraftverket si fallhøgde. Satsen vert regulert kvart 5. år basert på utviklinga i SSB. Dette vart sist gjort i 2024.

Konsesjonsavgift	Rekneskap 2025	Revidert budsjett 2025	Rekneskap 2024
	11 991 004	10 400 000	11 946 461

Løn

Totale lønskostnader i 2025 var 1.090 millionar kroner etter refusjonar, noko som er 1,4 % mindre enn budsjett.

Forklaringar til tabell:

- Mindreforbruk på fastløn på om lag 12 millionar kroner grunna bemanningsutfordringar og vakante stillingar
- Dette har ført til bruk av variabel løn(vikar, overtid, ekstrahjelp etc), som er 53 millionar kroner høgare enn budsjett
- Dette meirforbruket vart om lag utlikna av høgare refusjon enn budsjettet(sjukelønsrefusjon og refusjon grunne svangerskapspermisjon)
- Pensjonskostnader vart lågare enn budsjettet

Lønnskostnader 2025	Rekneskap 2025	Budsjett 2025	Budsjettavvik
Fast løn	787 349 311	798 310 852	-1,4 %
Variabel løn	175 025 091	121 780 976	43,7 %
Pensjon	124 680 297	145 384 714	-14,2 %
Arbeidsgjevaravgift og forsikring	110 947 156	112 115 619	-1,0 %
Refusjonar	-107 122 578	-70 991 591	50,9 %
SUM lønnskostnader	1 090 879 277	1 106 600 570	-1,4 %

- Fast løn fekk eit mindreforbruk på 11,0 millionar kroner(-1,4 %), dette er ei auke frå -1,2 % i 2024. Dei ulike sektorane har god kontroll på fast-lønnsbudsjettet og alle faste årsverk er dekkja i budsjettet. Mindreforbruket skuldast vakansar særleg innan Omsorg, Helse og Sosial samt Samfunnsutvikling. Dette fører til auka bruk av vikarar, overtid og innleige frå vikarbyrå, som er dyrare løysingar.
- Variabel løn fekk eit meirforbruk på 53,2 millionar kroner(+43,7 %), hovudsakleg som følgje av bemanningsutfordringar i omsorgssektoren, noko som resulterte i omfattande bruk av vikarar og overtid. Dette er ein auke frå 32,9 % i 2024. Lønsrefusjon frå NAV er betydeleg høgare enn budsjettet, som går mot dette meirforbruket.
- Pensjonskostnadane blei 20,4 millionar kroner lågare enn budsjettet. Dette er omtala meir detaljert i kapittelet under.
- Refusjonar var 36,1 millionar kroner høgare enn budsjett(-50,9 %). Dette omfattar refusjonar for langtidssjukemelding, foreldrepermisjonar og lønstilskot. Avviket skuldast høgare langtids-sjukefråvær og fleire svangerskapspermisjonar enn forventa.

Som tabellen viser, er høg vikar- og overtidsbruk i 2025 i stor grad dekkja av auka refusjonar, noko som gjer at totale lønnskostnader er nær budsjett. Den største utfordringa framover er bemannings situasjonen. Mindreforbruket på fast løn har auka frå 0,6 % til 1,4 % på to år.

For å dekke tenestebehovet vert det nytta vikarar, overtid og innleige frå vikarbyrå. Kostnader til bruk av vikarbyrå kjem ikkje fram av tabellen over og er den største grunnen til det totale meirforbruket i kommunen. I 2025 var kostnadene til vikarbyrå i sektor Omsorg, Helse og Sosial på 33,2 millionar kroner, auke frå 27,5 millionar kroner året før. Ein stor del av dette gjekk til innleie av fastlegar, men også til anna helsepersonell. For å redusere talet på vakante stillingar og dermed bruken av vikarar må kommunen effektivisera drifta og samstundes styrke rekrutteringa av kvalifisert personell.

Pensjon

Samla premieavvik, inklusiv arbeidsgjevaravgift, var kr 68.574,- i 2025. Det betyr at innbetalt premie (inkl. bruk av premiefond) var omtrent lik den pensjonskostnaden SPK og KLP har berekna for 2025. Amortisert premieavvik (kostnadsføring av tidligare års premieavvik) var i 2025 på 35,5 millionar kroner. Samla sett er premieavviket som kommunen har i balansen redusert med 35,4 millionar kroner, inklusiv arbeidsgjevaravgift. I balansen har kommunen eit "krav" på 137,6 millionar kroner som skal utgiftsførast dei neste åra.

Avsett pensjon i budsjettet var i 2025 høgare enn betalt premie, grunna god avkastning av pensjonsmidlane og bruk av premiefond. Dette gav ein positiv resultat effekt på 22,6 millionar kroner.

Tabellen under viser ei oversikt over akkumulerte premieavvik for hovesvis KLP og SPK.

Pensjon	Premieavvik		Arbeidsgjevaravgift	
	2025	2024	2025	2024
KLP Felles	102 383 479	114 754 755	10 852 650	12 187 991
SPK	6 646 216	8 266 641	704 512	877 931
KLP Sjukepleiere	15 345 578	33 374 013	1 626 632	3 539 686
	124 375 273	156 395 409	13 183 794	16 605 608
	Endring	32 020 136	Endring	3 421 814
		Premieavvik		Arbeidsgjevaravgift
Årets premieavvik 2025		-62 002		-6 572
Amortisert premieavvik 2025		32 082 138		3 428 386
		32 020 136		3 421 814

Finans

Kraftfondet

Kraftfondet sin verdi auka med 6,0 % i 2025, noko som tilsvarer ein avkastning på 61,8 millionar kroner. I desember vart det gjennomført eit nedsal på 30,0 millionar kroner, noko som reduserte verdien på Kraftfondet ved årsslutt til 1.070 millionar kroner. Alle aktivaklasser gav positiv avkastning, med særleg sterke resultat frå aksjefonda og eigedom. Private Equity og hedgefondet leverte skuffande resultat. Utviklinga i Kraftfondet er nærare omtala i årsrapporten til Kraftfondet.

Avkastninga fordelt på aktivaklasser var som følgjer:

Kraftfondet	Verdi	Avkastning
Globale aksjar	230 568 952	13,5 %
Nordiske aksjar	117 033 383	17,8 %
Private Equity	236 790 777	-5,2 %
Hedgefond	61 831 736	4,2 %
Eigedom	149 135 506	9,1 %
Obligasjonar	104 385 532	5,6 %
Pengemarknad	109 162 637	5,3 %
Høgrentefond	61 098 476	9,4 %
SUM	1 070 006 999	6,0 %

Renteinntekter og utbyte

Renteinntektene til kommunen var på 12,2 millionar kroner i 2024, ei auke på 305 tusen kroner frå året før.

Renteinntekter	2024	2025	Endring
Bank	5 911 774	7 408 808	1 497 034
Startlån	6 021 652	7 712 681	1 691 029
Næringsliv	57 143	55 347	-1 796
Fond VA	216 053	246 206	30 153
SUM	12 206 622	15 423 042	3 216 420

Renteinntekta frå bankinnskott er auka grunna høgare rente. Renteinntektene frå startlån fortsett å auke i takt med at rentebindingar på låntakarar går ut og må fornyast på høgare nivå, i tillegg til stor auke i utbetalt startlån. Grunna tap på VA-området dei to siste åra er VA-området i gjeld til kommunen som det vert betalt rente av.

Kvinnherad fekk i 2025 utbyte på 9,5 millionar kroner frå Eviny(tidlegare BKK) og 5,5 millionar kroner frå Kvinnherad Energi. Samla utbyte var på 15,3 millionar kroner, i tråd med revidert budsjett.

Rentekostnader

Rentekostnadane hamna på 83,6 millionar kroner i 2025, omtrent 1,2 million kroner over budsjett. Rentekostnadane har auka betydeleg dei siste åra, men i 2025 vart snittrenta til kommunen redusert frå

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

4,33 % til 3,90 % grunna reduksjon i den flytande renta. Gjeldsnivået i Kvinnherad kommune auka med 148 millionar kroner i 2025 som førte til at det totale gjeldsnivået har bikka 2 milliardar kroner. Auken er grunna i store investeringar i Husnes barneskule, Heradstun og Kvinnheradpakken.

	2022	2023	2023	2024
Gjennomsnittleg rentesats	2,11 %	3,64 %	4,33 %	3,90 %
Låneportefølje	1 750 586 023	1 733 058 299	1 909 735 639	2 057 569

Det er venta at den flytande renta vil gå opp i løpet av 2026 før den går ned og stabiliserer seg på eit nivå som er likt med kommunen si snittrente i dag. Dette betyr at kommunen må tilpasse seg dagens rentenivå, som er betydeleg høgare enn rentenivået dei seinare åra. I tillegg er det budsjettert at gjelda vil stige i perioden 2026-2029 til nærare 2,3 milliardar kroner. Rentekostnadane vil difor ta stadig større del av dei kommunale midlane som står til disposisjon og krev ein effektivisering på andre områder.

Dei fastrenteavtalene som kommunen har pr årsskiftet er:

Fastrenteavtaler pr 31.12.2025			
Bank	Beløp	Utløpsdato	Rentesats
Kommunalbanken	215 000 000	14.02.2031	4,390 %
Kommunalbanken	100 000 000	09.08.2030	3,990 %
Kommunalbanken	326 192 000	26.09.2029	2,161 %
Kommunalbanken	195 700 000	16.03.2038	3,650 %

Kommunedirektør forvaltar gjeldsportefølja etter dei rammene som er vedteke i finansreglementet. Ved utgangen av året var gjeldsportefølja i tråd med reglene i finansreglementet. Del fastrente av portefølja er auka i løpet av året frå 45 % til 51 %.

Verdi	Grenseverdier	31.12.2025
Gjenværende rentebinding skal være mellom 1 og 5 år	1,00 - 5,00	3,05
Min 1/3 fastrente, min 1/3 flytende rente	33,00 - 67,00	51 %
Renteløpetid skal være 3 år	2,00 - 4,00	3,05
Et enkeltlån skal ikke overstige 30 % av låneporteføljen	Maks. 1,00	0

Sektorane sine resultat

Drifta hadde i 2025 eit meirforbruk på 49,0 millionar kroner. Dette tilsvarer eit avvik mot budsjett på 3,9 %.

Driftsbudsjett	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik i kr	Avvik i %
Samfunnsutvikling	51 603 704	54 447 592	- 2 843 888	-5,2 %
Oppvekst	412 319 617	405 520 296	6 799 321	1,7 %
Omsorg, Helse og Sosial	655 229 608	607 571 774	47 657 834	7,8 %
Teknikk og Miljø	105 160 083	105 235 665	- 75 582	-0,1 %
Administrasjon	48 731 555	51 929 269	- 3 197 714	-6,2 %
Kommunedirektør	19 396 591	19 839 695	- 443 104	-2,2 %
Politikk	10 897 114	9 757 536	1 139 578	11,7 %
Kvinnherad kommune	1 303 338 272	1 254 301 827	49 036 445	3,9 %

Meirforbruket i 2025 er ein auke frå meirforbruket frå 2024(2,3 %) og er den største utfordringa til økonomien til kommunen. Som tabellen over syner er meirforbruket innan sektor Omsorg, Helse og Sosial. Det vert jobba aktivt med å tilpasse drifta til budsjettrammene og med å avdekke kostnadsreducerande tiltak i andre sektorar for å dempe det totale meirforbruket. Årsakene til meirforbruket i 2025 vert forklara under.

Forklaringar til dei største avvika

Samfunnsutvikling

Sektoren leverte eit mindreforbruk på 2,8 millionar kroner (-5,2 %). Mindreforbruket kjem hovudsakleg av vakansar på faste stillingar der det ikkje har vore leigd inn vikar.

Som omtala i tidlegare årsmeldingar har sektoren merka betydeleg inntektssvikt på byggesak og oppmåling. Dette har ført til at desse områda har gått med tap dei siste åra. I tillegg er fonda som skal dekke tap på desse sjølvkostområda i løpet av eit kalenderår tømt. Tapa dei tre siste åra har difor redusert resultatet til kommunen. Det positive er at inntektene frå byggjesak auka frå 2,2 til 3,1 millionar kroner i fjor. Inntektene frå oppmåling blei derimot redusert frå 2,2 til 1,3 millionar kroner.

Oppvekst

Sektoren leverte eit meirforbruk på 6,8 millionar kroner (1,7 %), ein klar reduksjon frå 5,1 % i 2024. Meirforbruket kjem i hovudsak av:

- Aukande kostnader til tilrettelegging i barnehage

- Aukande kostnader til individuell tilrettelegging på skule

Årsakane til budsjettoverskridinga er vanskeleg å forutsjå, men sektoren må ta grep for å ta høgde for aukande kostnader til desse områda.

Den ordinære drifta til sektoren er i balanse og dei fleste skular og barnehagar leverer eit rekneskap med mindreforbruk eller nær balanse. Dei siste åra har budsjettet til sektoren blitt redusert i takt med reduksjon i elevtal på skulane. Det er merkbar vanskelegare for skulane å innarbeida kutta i drifta, særleg for dei minste skulane.

Omsorg, Helse og Sosial

Sektoren leverte eit meirforbruk på 47,7 millionar kroner (7,8 %), ei stor auke frå 2,0 % i 2024. Meirforbruket skuldast i hovudsak

- Bruk av vikarbyrå, vikarbruk og overtid på institusjonane
- Bruk av vikarbyrå, vikarbruk og overtid i heimetenestene
- Bruk av vikarbyrå og aukande bruk av overtid i legetenesta

Stor vekst i eigenbetaling for langtids plassar på institusjon bidrog til å redusere meirforbruket.

Den store bruken av vikarbyrå og anna bruk av vikarar og overtid kan i hovudsak knyttast til:

- Bemanningsutfordringar
- Fleire ressurskrevjande pasientar
- Høgt sjukefråvær

Teknikk og Miljø

Sektoren leverte eit rekneskap i balanse(-0,1 %) i 2025, som sektoren også gjorde i 2024.

Meirforbruk innan Brann og Veg og park er blitt dekkja opp med mindreforbruk innan Reinhald og sektorkontoret.

Sektoren har vist god budsjett disiplin gjennom året ved å dekke opp for dette meirforbruket gjennom å redusere kostnader på andre områder.

Administrasjon

Administrasjon leverte eit mindreforbruk på 3,2 millionar kroner (-6,2 %). Mindreforbruket i 2024 var på 8,6 %.

Administrasjonen har lukkast med å halda låge kostnader til eksterne konsulentar. Ved fråvere grunna permisjonar eller sjukmeldingar har oppgåver blitt omfordelte internt. Det er ikkje nytta vikarar, noko som har bidrege til god økonomistyring.

Alle kostnader knytt til kurs og innkjøp vert grundig vurderte og prioriterte for å sikra fornuftig bruk av offentlege midlar.

Kommunedirektør

Området Kommunedirektør leverte eit mindreforbruk på 2,2 % i 2025. Ingen spesielle avvik å merke seg.

Politikk

Politikk leverte eit meirforbruk på 1,1 millionar kroner (11,7 %), etter mindreforbruk på 8,8 % i 2024. Hovudgrunnane til meirforbruket er:

1. Auke i godtgjersle utvalsleiar som var ikkje innarbeidd i budsjett
2. Møtegodtgjersle for 2. halvår 2024 vart utbetalt i 2025.
3. Høgare kostnader til valgjennomføring enn budsjettert

Investeringar i 2025

Investeringar 2024	
Alle investeringar (heile tusen)	262 818
Vatn	8 740
Avløp	8 820
Veg, park og idrett	16 316
Bygg	146 300
Eigendom	1 601
Teknikk og Miljø	10 333
Vedlikehald bygg	9 987
Vedlikehald veg, park og idrett	12 203
Andre prosjekt	49 408

Kvinnherad kommune investerte for 262,8 millionar kroner i 2025. Dei største investeringane har vore bygging av Husnes barneskule, Heradstun og bidrag til Kvinnheradpakken.

Investeringar 2022 - 2025 (heile tusen)	2025	2024	2023	2022
Alle investeringar	262 818	302 156	132 353	259 297

Tabellen under syner dei største investeringane i 2025 (over kroner 5,0 mill):

Store investeringsprosjekt 2025 (heile tusen)	
Ny Husnes skule	117 934
Kvinnheradpakken	33 000
Omsorgsbustader Heradstun	23 413
Kunstgrasbane Husnes	9 757
Ombygging kommunale bygg	8 621
Kommunale vegar/kaier	6 819
Kunstgrasbane Rosendal	6 559
Avløpssannering Røssland område B og C	6 423
Grøn Næringspark	5 427

Balansen

Kommunen sin samla balanse (sum einedeler) var verdt 6,8 milliardar kroner ved utgangen av 2025, ei auke på 0,4 milliardar kroner frå året før. Dette skuldast i stor grad ein auke i driftsmidlar (investeringar) samt pensjonsmidlar (berekna avsett pensjon ansatte). Kraftfondet har i balansen ein auke på 31,7 mill.

Eigendelar	2025	2024
Anleggsmidlar	2 657 439 258	2 557 975 682
Finansielle anleggsmidlar	275 513 256	271 245 661
Pensjon	2 221 527 224	1 964 088 408
Utlån	240 220 713	199 695 035
Bank	97 218 960	105 115 394
Kraftfondet	1 070 543 114	1 038 757 559
Kortsiktige fordringar	106 921 350	109 620 473
Premieavvik	137 559 067	173 001 017

Finansiering av einedeler (passiva):

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

Eigenkapital og gjeld	2025	2024
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	419 015 155	464 723 358
Bundne driftsfond	74 965 741	74 429 564
Ubundne Investeringsfond	165 163 267	169 249 352
Bundne investeringsfond	434 571 503	434 855 723
Kapitalkonto (anna EK)	1 112 786 918	1 123 631 694
Gjeld		
Husbanken	219 379 406	171 544 882
Anna gjeld	1 838 189 800	1 738 190 757
Pensjonsforpliktelser	2 320 522 486	2 019 567 951
Kortsiktig gjeld	236 700 461	237 691 393

Den langsiktige gjelda, som består av banklån og husbanklån, auka med 148 millionar kroner i 2025. Pensjonsforpliktelsane har gjennom året auka med 300 millionar kroner.

Dei kommunale fonda er redusert med 49,5 mill i 2025. Kommunen har brukt kr 45,6 mill av disposisjonsfond i 2025 for å saldere drifta (budsjett 58,0 mill.)

Disposisjonsfondet i % av brutto driftsinntekter viser 23,6%. Dette er ein nedgang frå 2024 (27,2%). Kostragruppe 8 som vi samanliknar oss med ligg på 9,4%.

Arbeidskapital:

Arbeidskapital viser kommunen si kortsiktige økonomiske handlefridom det vil sei kor mykje pengar kommunen har tilgjengelig til å betale løpande utgifter.

Arbeidskapital vert ofte definert som omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld.

I oversikten under er kraftfondet samt premieavvik trekt ut av omløpsmidlar. Dette er beløp som vi reknar har ein lengre tidshorisont enn eit år.

Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

Reell arbeidskapital	2025	2024
Bank	97 218 960	105 115 394
Kortsiktige fordringar	106 921 350	109 620 473
Kortsiktig gjeld	-236 700 461	-237 692 023
Arbeidskapital	-32 560 151	-22 956 156
Unyttå lånemidlar	94 509 206	59 461 544

Arbeidskapitalen er negativ 32,5 mill. mot minus 22,9 inn i året. Dette vert dekt opp gjennom unyttå lånemidlar (ub 94,5 mill). Kommunen har i tillegg ein kassakreditt på 50,0 mill.

Eit budsjettmessig meirforbruk, bruk av unyttå lånemidlar samt bruk av fond vil gi kommunen likviditets problem. Dette må då dekkast gjennom nedsal av kraftfondet.

Kraftfondet hadde ein verdi på 1.070 millionar kroner ved utgangen av året. I balansen er 1.003 millionar kroner av verdien finansiert gjennom avsette fond knytt som er knytt opp i mot verdiauken av kraftfondet sidan 1997. Vi kan dermed sei at 67 millionar av kraftfondet er lånefinansiert (gjennom unyttå lånemidlar).

Finansiering av Kraftfondet		
	31.12.2025	31.12.2024
Verdi Kraftfondet	1 370 543 114	1 038 757 557
Finansiert med:		
Kapitalfond	559 292 171	564 360 833
Disposisjonsfond	444 049 414	428 365 922
SUM	1 003 341 585	992 726 755
Avvik	67 201 523	46 030 802

Finansielle måltal og handlingsreglar

Kommunane si drift omfattar eit breitt spekter av tenester og oppgåver. Det samla tenestenivået er eit resultat av både statlege føringar og retningslinjer, og lokale prioriteringar. Tenestebehovet endrar seg over tid, mellom anna som følgje av endringar i krav og demografi.

Finansielle måltal og handlingsreglar er enkle og nyttige styringsverktøy for å gjere driftsnivået målbart og samanliknbart over tid og med andre kommunar. Dei kan vere til hjelp for å vurdere driftsnivå og resultat opp mot andre, og gir samstundes eit bilete på utviklinga i kostnadsnivået og berekrafta i forholdet mellom kostnader og inntekter.

Denne typen måltal er særleg nyttig for kommunar som Kvinnherad, der store delar av inntektene kjem frå kraft og havbruk, og dermed varierer meir enn andre kommunale inntekter. Sidan 2021 har Kvinnherad kommune hatt høge inntekter frå desse kjeldene. Inntektene er nytta til å redusere gebyrnivået til innbyggjarane, finansiere store investeringsprosjekt og auke driftsnivået.

Utviklinga dei siste åra og resultatet for 2025 viser at det no er behov for å justere driftsnivået ned. Forholdet mellom inntekter og utgifter er for svakt, noko som kjem til uttrykk i dei finansielle måltala. Utan tilstrekkelege tiltak vil dette svekke den økonomiske stabiliteten som er bygd opp dei siste 5 åra.

Kostnader i % av inntekter

2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
102 %	102 %	94 %	86 %	102 %	105 %	105 %

Etter åra 2021 og 2022, då kraftprisane var ekstraordinært høge, har dei ekstraordinære inntektene dempa seg. Samstundes har både renteberande gjeld og driftskostnader auka meir enn dei statlege overføringane. Dette gjev utslag på likviditeten som utfordrar både drifta og berekrafta i den økonomiske forvaltninga av Kraftfondet. Dei tre siste åra har kostnadsnivået vore 195 millionar kroner høgare enn inntektene. Dette aukar avhengigheita til Kraftfondet og utfordrar handlingsregelen om at Kraftfondet skal forvaltast til beste for framtidige generasjonar.

Auke sidan 2021

Driftsinntekter	17 %
Driftskostnader	30 %
Renteberande gjeld	22 %

Utviklinga har ført til at Kvinnherad kommune i 2025 leverer eit rekneskap under dei fastsette måltala, og det første negative netto driftsresultatet på 15 år. Aukande driftskostnader er hovudårsaka til at kommunen oppfyller berre eitt av fire finansielle måltal i 2025, og utgjør den største utfordringa for økonomien framover.

Kommunestyret har i handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 vedteke eit effektiviseringskrav på 62 millionar kroner i planperioden. For å sikre ein berekraftig økonomi må desse krava realiserast, i tillegg til at meirforbruket i tenestene må fjernast. Arbeidet med dette er i gang og vil gje resultat allereie frå 2026. Resultata vil bli rapporterte til kommunestyret i løpet av 2026.


Årsberetning 2025 – Kvinnherad kommune

Finansielle måltal	Mål	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat eksl. premieavvik	2,75 %	5,5 %	2,1 %	15,2 %	3,1 %	2,1 %	5,1 %	0,2 %
Likviditetsresultat	1,00 %	-3,1 %	-1,7 %	4,6 %	3,7 %	-3,3 %	-1,0 %	-3,3 %
Renteberande gjeld	100 %	89 %	89 %	77 %	66 %	72 %	77 %	80 %
Avkastning Kraftfondet utover risikofri rente	2,50 %	13,8 %	6,1 %	15,8 %	-3,9 %	5,9 %	7,1 %	2,0 %

Finansielt måltal 1: Netto driftsresultat(eksl. premieavvik) i % av brutto driftsinntekter

Mål: 2,75 %


Dette målalet skal sikre at kommunen har lågare kostnader enn inntekter, slik at ein kan handtere svingingar og samstundes skape handlingsrom for politiske prioriteringar. Resultatet for 2025 er 0,2 %, som er betre enn budsjettert, men framleis langt under målet. Hovudårsaka til avviket frå budsjett er høgare avkastning frå Kraftfondet og lågare pensjonskostnader enn venta.



Finansielt måltal 2: Likviditetsresultat i % av brutto driftsinntekter

Mål: 1,0 %


Avkastninga frå Kraftfondet har stor påverknad på det samla resultatet. Likviditetsresultatet viser resultatet utan denne avkastninga, og gir dermed eit uttrykk for kor avhengig drifta er av fondet. Eit positivt likviditetsresultat inneber at drifta ikkje er avhengig av nedsal frå Kraftfondet. Dei tre siste åra har likviditetsresultatet vore negativt med til saman 127 millionar kroner. Utan tiltak vil denne situasjonen krevje store nedsal frå Kraftfondet.



Finansielt måltal 3: Renteberande gjeld i % av brutto driftsinntekter

Mål: 100 %

Gjeldsnivået er framleis handterbart, trass i auke dei siste åra. I perioden 2019-2023 vart den renteberande gjelda redusert med 75 millionar kroner, og auke driftsinntekter bidrog til ein tydeleg reduksjon i gjeldsgraden. Sidan 2023 har gjelda auka med 261 millionar kroner, noko som har ført til at gjeldsgraden har auka frå 72 % til 80 %.



Finansielt måltal 4: Avkastning Kraftfondet utover risikofri rente

Mål: 2,5 %

I 2025 var avkastninga i Kraftfondet lågare enn målet, hovudsakleg som følgje av svak utvikling i private equity-marknaden og mindreakkastning i enkelte aksje- og hedgefond. Måltalet skal sikre at avkastninga i Kraftfondet er høg nok til å forsvare at midlane vert forvalta i finansmarknaden. Det er samstundes viktig å sjå på denne avkastninga over tid. Sidan 2019 gjennomsnittleg meiravkastning vore 3,2 %, som er over målet på 2,5 %.

